

Fitjar kommune
Postboks 83
5418 Fitjar

Dato	07.09.2023
Vår referanse	2023/67805-2
Dykkar referanse	2022/1295-6426/2023
Sakshandsamar	Lasse Klæboe Kristensen
E-post	Lasse.Kleboe.Kristensen@vlfk.no
Telefon	

Fråsegn til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel - Fitjar kommune

Vi viser til brev datert 05.07.2023 om høyring av forslag til planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel for Fitjar kommune. Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen, framdrift og opplegget for medverknad. Det skal framgå av planprogrammet kva hovudtema som skal greiast ut, avklara behov for kunnskap, og leggja fram opplegg for medverknad og konsekvensutgreiing. Gjeldande arealdel vart godkjent i 2012 og la grunnlag for utviklinga fram mot 2022. Kommunen har ei målsetting om endeleg vedtak av ny arealdel i juni 2025.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til diskusjonar i regionalt planforum i juni 2023. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing.

Vurdering

Planfaglege merknader

Planprogram

Planprogrammet gjev oversikteleg greie for bakgrunn og føremål med planarbeidet, og kommunen viser langsiktige prosessmål i ein framdriftsplan. Regionale og nasjonale rammer og føringar, opplegg for medverknad og planprosess er framstilt på ein oversiktleg måte. Det same gjeld for konsekvensutgreiing og trong for utgreiingar og kartlegging.

Regionale føringar

Fleire aktuelle regionale planar er nemnt under pkt 4.1 Nasjonale og regionale føringar. Dette er positivt. Vi legg til grunn at planane og aktuelle retningslinjer vert følgt opp i planarbeidet i samsvar med plan- og bygningslova sin krav. Fylkeskommunen kan fremje motsegn til kommunale planar som er i strid med vedtekte regionale føringar.

FN sine berekraftsmål

Planprogrammet viser til FN sine berekraftsmål, og at desse skal bli ein viktig del av det som er styrande framover for samfunns- og arealplanlegginga i Fitjar. I samband med kommuneplanarbeidet oppmodar vi om at måla konkretiserast og gjerast relevante for lokale tilhøve. Vestland fylkeskommune poengterte dette i regionalt planforum før planprogrammet vart

sendt på høyring. Ved å identifisere Fitjar kommune sine utfordringar og styrker innan dei ulike berekraftsmåla, og deretter sjå på synergjar og målkonfliktar mellom berekraftsmåla kan kommunen utvikle ein heilskapleg og effektiv strategi for å fremja berekraftig utvikling. Aktuelle berekraftsmål kan koplant mot dei ulike tema og utviklingsområda i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Koplinga til kommuneplanen sin samfunnsdel

Arealdelen skal byggje på samfunnsdelen og følgje opp mål og arealstrategiar som er vedtekne der. Vestland fylkeskommune stettar kommunen i dette. Dei overordna måla og arealstrategiane frå samfunnsdelen er ikkje lista opp i planprogrammet. Dette rår vi til at vert gjort, og i den forbindelse gjort greie for koplinga mellom KPA og KPS. Denne koplinga er viktig for å sikre at den langsiktige arealforvaltninga blir sett i samanheng med utviklinga på andre områder i samfunnet, og bidreg samstundes til ei meir heilheitleg planlegging der dei overordna måla og arealstrategiane i samfunnsdelen blir reflektert og implementert i arealpolitikken

Arealstrategi

Ein arealstrategi i samfunnsdelen er viktig for å tydeleggjere kommunestyrets langsiktige arealpolitikk og korleis nasjonale og regionale føringar og mål skal følgast opp. Dette går frem av dei oppdaterte nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging. Arealstrategien i samfunnsdelen vil følgjast opp i arealdelen. Vestland fylkeskommune er positive til dette. Vi oppmodar kommunen om å ta stilling til korleis den framtidige arealbruken kan bidra til å realisere berekraftsmåla som får ekstra merksemd i lokalt tilhøve. Gjennom planskildringa til kommuneplanens arealdel kan arealstrategien i tillegg vise konsekvensane av ulike alternative utviklingsretningar nærare.

Ei god forankring i arealstrategiane vil gjere arealpolitikken til kommunen tydelegare og meir føreseieleg for innbyggjarar og utbyggjarar.

Arealrekneskap

Eit arealrekneskap kan brukast til å framheve kvalitetane på areal som vurderast eller vert føreslått omdisponert til utbyggingsformål, og har til hensikt å bidra til ei auke i medvit om konsekvensane av arealendringar. Samanstilt med befolkningsprognosar kan arealrekneskapet bidra i vurderingane rundt det reelle behovet for endringar i arealdelen ved rullering. I regionalt planforum blei kommunen oppfordra til å lage arealrekneskap som del av KPA for å kunne gjere vurderingar rundt disponering av areal i kommuneplan, ta berekraftige val og sikre jordvernet og landbruksdrift. Vestland fylkeskommune ser det som svært positivt at kommunen har tatt oppfordringa til etterretning og innarbeid innspelet i planprogrammet. Arealrekneskapet vil gje oversikt over planlagde endringar i arealdelen, og kan vise kva utbyggingspotensial som ligg inne i eksisterande planar.

Medverknad

Fitjar kommune legg vekt på at dei ønskjer å skape engasjement med sikte på størst mogleg medverknad. Medverknadsprosessen for planarbeidet skal skje ved å skape engasjement i folkemøte, grendamøte, temamøte, innbyggjarpanel, kafémøter, ungdomsråd, eldreråd, næringsråd/næringsaktørar, ungdomsskulen, lag- og organisasjonar og gjennom med innspel i høyringsrunden. Kommunen ønskjer og å nytte seg av aktiv bruk av sosiale media for særleg å skape engasjement hos born og unge for aktiv deltaking. Vestland fylkeskommune er positive til at kommunen går aktivt og breitt ut for å få innspel. Ved å ta omsyn til mangfaldet av meiningar og perspektiv blir arealdelen meir forankra i lokalsamfunnet og betre i stand til å adressere dei faktiske utfordringane og behova som innbyggjarane opplever.

Etter framdriftsplanen skal medverknadsprosessen gå føre i perioden september - desember 2023. Gitt førespegla møtemengde og variasjonen i medverknadsaktivitetar seint på året, stiller vi spørsmål til om perioden for medverknad bør forlengast noko for å sikre tilstrekkeleg involvering av gruppene ein har lagd opp til. I det vidare planarbeidet er det viktig at det blir synleggjort korleis innspel som har kome frem gjennom medverknadsprosessen er vurdert og tatt stilling til.

Konsekvensutgreiing

Planprogrammet gjer kort greie for kva utredningstema som skal belysast nærare i konsekvensutgreiinga, ref. punkt 9. Konsekvensutgreiinga skal gjennomførast i samsvar med anerkjent metodikk. I hovudsak skal kommunen nytte metodikken som er skildra i rettleiar for

konsekvensutgreiingar for planer etter plan- og bygningslova, oppdatert i 2021, og Miljødirektoratets nye handbok M-1941 som omhandlar rettleiing til konsekvensutgreiingar for klima og miljø.

Vestland Fylkeskommune er positive til dei utvalde utgreiingstema, og meiner dei vil vere sentrale for å kunne ta informerte avgjerse og utforme ein heilskapleg og målretta arealdel. I tillegg til temaa som er omtala, og dei som er nemnd over, bør det under klima og miljø vurderast:

- Økosystemtenester
- Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål
- Friluftsliv
- Landskap

Arkitektur og estetikk

Bruk av føresegnene til kommuneplanens arealdel er eit viktig verktøy for å peike ut ei retning for ønska eller uønskt arkitektonisk og estetisk kvalitet i kommunen. Fylkeskommunen rår til å stille krav til mellom anna miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønstruktur gjennom føresegnene som bidreg til ei god estetisk og arkitektonisk utforming av utbyggingstiltak når det gjeld form, volum, stiluttrykk, materialbruk og fargar. Eit resultat av dette er at kommunen legg grunnlaget for ei framtidig utvikling som reflekterer lokal identitet og berekraftige prinsipp.

Folkehelse og universell utforming

Kommunen skal i all planlegging etter folkehelselova og plan- og bygningslova medverke til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseskilnader. Kommunen skriv i planprogrammet at helsefremjande planlegging skal integrerast i bustadpolitikk og i arealforvaltninga elles. Dette er positivt. Fylkeskommunen oppmodar kommunen om å identifisere og sikre ålmenta tilstrekkeleg tilgang til naturområde og sentrumsnære grøntområde for innbyggjarane gjennom KPA.

Det er eit mål i den regionale planen for folkehelse at Vestland skal vere eit universelt utforma samfunn. Universell utforming må difor leggjast til grunn for val av løysingar tidleg i planlegginga, med heilskapleg og gjennomført design/arkitektur. Tiltak for tilrettelegging også for grupper som har ulikt fysisk funksjonsnivå vil kunne sikra at fleire kan nytta seg av ute-, leike- og opphaldsareal som vert regulert basert på KPA. Dette vil vere viktig for moglegheita for aktivitet og sosial deltaking for flest mogleg. Tilrettelegging for tilkomst, synbarheit, kontrastar, merking og utbetring av nivåforskjellar for å lette orientering og farbarheit i område for svaksynte og rørslehemma bør innlemmast som eigen del av planen.

Barn og unges interesser

Omsynet til barn og unge sine oppvekstkår skal bli ivaretatt i planlegginga. Vi viser til [Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#). Ansvar for barn og unge heng nøye saman med arbeidet for gode bumiljø, folkehelse og universell utforming. Det er samstundes viktig å sjå samheng til planlegging av transportsystem, slik at barn kan ferdast trygt til og frå skule og aktivitetar i nærmiljøet.

Sentrumsutvikling og handel

Regional plan for attraktive senter i Hordaland set krav om at senterstruktur, sentrumsavgrensing og behov for handel er tema i kommuneplanens arealdel jmf retningslinjene til planen.

Strandsona

Det er positivt at Fitjar kommune ynskjer å sikre ein berekraftig forvaltning og vern av strandsonerområde, og å legge til rette for tilgang til og bruk av strandsona for ålmenta. Strandsona er svært attraktiv for friluftsliv, rekreasjon og naturoppleving. Samstundes er det ofte desse areala som er under sterkast utbyggingspress. Fitjar kommune har svært mykje strandsoner, med samhengande kystlandskap med kystlynghei som ein av dei særskilte kvalitetane. Særleg viktig er det å sjå området i heilskap, og å unngå bit-for-bit nedbygging. Det er positivt at Fitjar kommune ynskjer å få til samarbeid og felles føresegner med tilgrensande kommunar der det er føremålstenleg.

Vestland fylkeskommune er samde med kommunen i deira vurdering om at det må sikrast ei berekraftig forvaltning og vern av strandsonerområda, og at ein legg til rette for tilgjenge til og bruk

av strandsona for ålmenta Fylkeskommunen er i den forbindelse opptatt av at eventuelle interessemotsetningar kjem tydeleg fram i det vidare planarbeidet, og vert balansert opp mot kvarandre. Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og Ytre Hardanger har mål om at strandsona skal ivaretaast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur- og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Til dømes er det knytt generelle retningslinjer for nye tiltak i strandsona som gjer det klart at utbygging i strandsona skjer mest mogleg konsentrert, medan større, samanhengande inngrepsfrie område bør haldast fri for nye tiltak. Nye tiltak bør trekkast så langt unna sjøen som mogleg, og lenger vekk enn eksisterande bygningar, jf. generelle føringar for nye tiltak i strandsona i regional kystsoneplan. For nyetablering av kai og flytebrygge får vi i tillegg til å sikre at etablering må skje utan store, irreversible terrenginngrep. Det gjeld også for tiltak som går på vedlikehald og ev. oppgradering når det er naudsynt. Vi oppmodar vidare om at det vert stilt plankrav til nye byggeområde i strandsona, og at naust vert definert i føresegnene til arealdelen med same ordlyd som dei regionale dokumenta, ref. §§ 2.28 og 2.35 til 2.37 i retningslinjene til den regionale kystsoneplanen.

Vi viser også til vår digitale rettleiar om planlegging i strandsona: [Strandsonerettleiar Vestland fylke](#)

Kultur, idrett og friluftsliv

Under følger innspel i høve friluftsliv, sortert under kapitla i planprogrammet.

4. Rammer og føringar for planarbeidet

4.1 Nasjonale og regional føringar

Regionale planer, manglar:

- Regional plan for kultur 2023-2035 – Kultur bygger samfunn – vedtatt 15.mars 2023

5. Hovudtema i planarbeidet

5.3 Bustadbygging – fortetting, nye bustadfelt mm.

I planlegging for eit bustadtilbod i tråd med kommunen sitt befolkningsbehov, blir det viktig å sikre nærfriluftsområde. Spesielt i høve born, eldre og elles personar med avgrensa aksjonsradius – er det viktig å sikre små naturområde til leik og rekreasjon, gjerne innan 200 meter frå heimen. Det er eit nasjonalt mål at friluftslivets posisjon skal tas vare på mellom anna gjennom bevaring og tilrettelegging av viktige friluftsområde, og stimulering til økt friluftaktivitet for alle. Ein av indikatorane ein måler dette på er ved å sjå på kor stor del av befolkninga som har trygg tilgang til nærturterreng innan 500 meter frå bustaden. Trygg og enkel tilgang til rekreasjonsområde er generelt og viktig for bukvalitet, bulyst og bli-lyst i ein kommune.

5.9 Friluft, idrett, folkehelse, kultur og turisme

Det er positivt at eventuell etablering av nye idrettsanlegg må vere basert på eit kunnskaps- og behovsgrunnlag.

Friluftsliv er omtalt i liten grad i planprogrammet. Friluftsliv er ei viktig kjelde til livskvalitet og både fysisk og psykisk helse, og dermed for folkehelsa. Å få fleire til å delta i fysisk aktivitet utandørs vil gje gode folkehelseeffektar. Føresetnaden for å drive friluftsliv er at det er grønstrukturar og nærfriluftsområde der folk bur, og at det er godt merka turmoglegheiter. Kommunen bør sikre dette gjennom planlegging, både KPA og KPS. Dette kan og mellom anna gjerast gjennom ein eigen grønstrukturplan knytt til arealdelen. Arbeidet med nærfriluftslivet må sjåast i samanheng med folkehelselova.

Plan for friluftslivets ferdselsårer er eit nasjonalt prosjekt som skal føre til betre planlegging og forvaltning av ferdselsårer knytt til rekreasjon og friluftsliv. Ein slik plan vil betre kunnskapsgrunnlaget og gi eit verktøy for å forvalte deler av friluftslivet i arealplanlegging på ein heilskapleg og berekraftig måte. Fitjar kommune er i gang med kartlegging av no-status, og det er viktig at dette arbeidet blir ein del av arbeidet med KPA.

Naturmangfald, klima og energi

Utsleppsreduksjon

Arealbruk og forvaltning av areal er viktige verkemidlar for å må kommunens klimamål. I tillegg til å ta høgde for eit endra klima i arealplanlegging, kan kommunen også planlegge for utsleppsreduksjon. Måtar å gjere dette på er blant anna samordna areal, bustad og transportplanlegging. Kommunen bør unngå å bygge nye spreidde næringar og bustadfelt, og heller satse på å utvikle sentrum og sentrumsnære område. Det er bra kommunen vil legge til rette for betre gang- og sykkeltilhøve, dette bør inkludere sykkelparkering. Ladeinfrastruktur for både personbilar, tyngre køyretøy og landstraum for båtar viktige tiltak for å redusere klimagassutslepp. Innfartsparkering er eit anna tiltak som er viktig for å redusere utslepp i transportsektoren, spesielt for dei som pendlar til Stord eller andre nabokommunar.

Vi oppmodar Fitjar kommune til å unngå utbygging på karbonrike areal, som myr, gammalskog og skog med høg bonitet. Her blir arealrekneskap eit viktig reiskap for å sjå heilskap i arealbruk, og vi oppmodar kommunen til å kartlegge sine karbonrike areal. Dette gjelder også under utbygging av fornybar kraft. Det er riktig at fornybar kraft er essensielt med mot eit lågutsleppssamfunn, men det bør skje på naturens premiss for å verne om naturlege karbonlagre og naturmangfald. Det er bra kommunen vil vurdere ny utbygging etter behov, både i høve til befolkningstal, demografi og type bustad. Saman med heilskapleg arealplanlegging og tiltak som fortetting, ombruk og sambruk kan dette bidra til å redusere klimagassutslepp frå byggesektoren.

Klimarisiko og klimatilpassing

Kommunen viser kjennskap til fysiske klimarisikoar som råkar kommunen. Det er bra kommunen ser viktigheita av god arealplanlegging for eit framtidig klima. Hugs å bruke høge klimaframskrivingar i planlegginga. [Klimahjelperen](#) (pdf) er ein god kjelde til korleis ein tar vare på samfunnssikkerheit og klimatilpassing i planlegging, med dømer på føresegn. Samtidig er det andre klimarisikoar enn dei fysiske som er viktige å førebu seg på. [Les meir om kommunens klimarisiko for blant anna næringslivet her](#). Klimatilpassing er viktig for å førebu kommunen på klimarisiko. Naturbaserte løysingar bør vurderast, og det skal grunngjevast kvifor det er valt bort om andre løysingar veljast. [Dømer på naturbaserte løysingar kan lesast her](#) (pdf).

Naturmangfald

Arealbruk er den største trusselen mot naturmangfald, og langsiktig vern og forvaltning av LNF-område bør difor sjåast som eit viktig bidrag i arbeidet med å hindre tap av naturtypar og artar. Dette arbeidet må og inkludera å vurdere behov for å verne viktige naturtypar, mellom anna myr og kystlynghei. For å unngå å øydelegge naturmangfaldet i samband med endring i arealbruken, er kommunen avhengig av å ha kunnskap om naturverdiane. Potensielle naturområde for restaurering bør identifiserast og vurdert restaurert.

Eventuelle restriksjonar på utbygging og andre aktivitetar bør tilpassast dei ulike artane sine biotopkrav og toleransar overfor menneskelege påverknader. Det må takast eit særleg omsyn til desse førekomstane i kommuneplanen, og i nokre tilfelle vil det vere naturleg å markere desse som omsynssone (PBL § 11-8). Tek ein vare på leveområda vil ein også berge artsmangfaldet. For å redusere tap av artsmangfald vil det vere viktig at det vert sett av naturprega areal slik at artar og naturtypar kan utvikle seg naturleg. Dette gjeld også i sjøen og lands strandlinja. Det er bra kommunen har fokus på miljødimensjonen av berekraft i havbruksnæringa, og sikrar naturmangfaldet i sjøen.

Natur inkluderer også kulturlandskap, og det er bra at ein jordbrukskommune som Fitjar har fokus på jordvern og skjøtsel. Ved nydyrking og flytting av matjord, but ein vere merksam på å unngå dyrking på myr eller andre karbonrike, eller artsrike, areal.

Areal og transport

Som vegstyresmakt har Vestland fylkeskommune ansvar for arealbruk, trafikktryggleik og framkome langs fylkesveg. Vi har og ansvar for at areal- og transportpolitiske føringar blir tatt høgde for i planlegginga, og at vegstrukturen vert utforma i samsvar med vegnormalkrava.

Omsyna er mellom anna forankra i regional transportplan for Vestland (2021 - 2033), Regional areal og transportplan for Bergensområdet (2017 - 2028) og i Rammepplan med haldningsklassar for avkøyrslar og dispensasjon frå byggjegranser (2021 - 2024).

Vår vurdering

Planprogrammet for Fitjar kommunes rullering av KPA er av generell karakter, og vi vil difor komme med punkter som må inkluderast. Vi legg ved disse punkta som ei liste.

- Byggegranser langs veg: I dagens KPA er det kombinasjon mellom byggegranser i plankart og føresegn. Vi foreslår at dersom det skal settast byggegranser langs fylkesveg i KPA som ikkje følgjar vegloven, så bør dette samlast under føresegna til planen. Det vil også krevje ei prosess mellom vegmyndigheit og kommune, dersom slike føresegn skal inkluderast.
- Plankrav: Vi foreslår at løysinga i dagens KPA med plankrav ved 3 bueiningar blir ståande.
- Trygg skuleveg: Vi ser at trygg skuleveg er inkludert i planprogrammet ved reguleringsplan. NTP setter trygg skuleveg svært høgt, og vi meiner trygg skuleveg bør omfatte også enkeltstående bustader utan reguleringsplan.
- Tema «bustadbygging» har lagt til grunn gode intensjonar om kvalitetar ved bustadområde. Vi meiner desse kvalitetane og må stillast som krav ved fortetting i eksisterande bustadområde og ved utbygging av bustader i bygder og grender. Vi meiner det vidare planarbeidet bør synleggjere potensiale for fortetting av eksisterande bustadområde, og at det bør utarbeidast ein tydeleg strategi for dette, med tilhøyrande føresegnar. Dette bør gjerast for å lettare kunne etablere eit godt gang- og sykkeltilbod, trygg skuleveg og dermed oppnå auka trafikktryggleik.

Dersom det er spørsmål knytt til å inkludere infrastruktur og veg i planarbeidet for ny KPA, ber vi om at dykk tek kontakt med rette vegmyndigheit.

Samferdsel

Gode løysingar for kollektivtransport og mobilitet er ei viktig samfunnsoppgåve i arbeidet med å redusere utslepp frå transportsektoren. Avdeling for Mobilitets og Kollektiv (MOK) har ei viktig rolle i utviklinga av eit attraktivt og effektivt kollektivtilbod, og dette arbeidet må sjåast i samanheng med kommunane sitt ansvar for arealbruk og utbyggingsmønster. I Regional Transportplan 2022 – 2023 stå sentralt (RTP) finn vi følgjande hovudmål:

Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.

Sentrale tema for det vidare arbeidet med rullering av KPA vil vere knytt til føringar for samordna bustad-, areal og transportplanlegging (BATP), samt mål og prioriteringar i RTP. Under punkt 5.11 er sentrumsutvikling og utviklinga av eit berekraftig transportsystem vektlagt, og i det vidare arbeidet må kommunen sikre at ulike arealformåla er i tråd med nasjonale og regionale føringar BATP. Hensikta er å redusere bilbruk ved å legge til rette for ein arealutvikling tilknytt eksisterande kollektivtilbod, trygge gang- og sykkelløysingar. Vi vil rå til at kommunen utarbeider eit arealrekneskap og er vere varsam med å legge til rette for bustadar i LNF-spreidd område.

Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Fitjar kommune har store kulturminneverdiar, og knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleving og verdiskaping.

Innspel til planprogram

Planprogrammet for rullering av kommuneplanens arealdel har eit eige punkt under hovudtema som spesifikt omhandlar kulturminneinteressene i kommunen, og bør vere meir utdjupande enn det som er lagt fram no. Her er det rom for å vise til viktige kulturminne og kulturmiljø, og kva tiltak og tilrettelegging som kan ivareta og fremje dei rike kulturminneinteressene i Fitjar kommune. Noko av dette er nemnt under hovudtema 5.6 Arkitektur og estetikk, men vil venteleg også bli gjenstand for vidare drøftingar i samband med konsekvensutgreiing knytt til arealdelen i kommuneplanen. I tillegg til ein evt. ferdigstilt kulturminneplan, bør konsekvensutgreiinga og den vidare planlegginga av arealdisponeringa gjere nytte av tilgjengelege databasar (jf. Askeladden, SEFRAK-registeret) og lokale kjelder, som gjeld både freda kulturminne og lokale kulturminneinteresser både på land og i sjøareal i kommunen.

Fitjar kommune er i gang med arbeidet med rullering av kulturminneplan. Kunnskapsgrunnlag til kulturminneplan vil vere nyttig å trekke inn også i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Kulturminne og -miljø som trekkjast fram i kulturminneplanen, bør vurderast innarbeidd i arealdelen i omsynssoner.

Kommunen er også del av verdiskapingsprosjektet Framtid for kulturhistoriske sjøbruksbygningar i Sunnhordland. Prosjektet er eit samarbeid mellom 8 kommunar i Sunnhordland og Sunnhordland museum, og er ei oppfølging av dei kommunale kulturmiljøplanane. Overordna mål er å styrke vern av sjøbruksbygningar i regionen, og relevante område bør sjåast i samanheng med utarbeiding av KPA.

I ei konsekvensutgreiing må kulturminne og kulturmiljø identifiserast og skildrast, og grad av innverknad arealformål vil få for kulturminne og kulturmiljø må bli avklart (sjå Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941, Konsekvensutredningar for klima og miljø: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvakingarealplanlegging/arealplanlegging/konsekvensutredningar/>

I område med arealføremål for utbygging, næring osv. må konsekvensutgreiinga også gjere ei vurdering av moglegheitene for at det kan finnast uregistrerte kulturminne i områda.

Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, vil gi ytterlegare innspel til ivaretaking av kulturminneverdiar i den vidare planprosessen.

Næringsutvikling

Vi ber om at de legg til «*Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033*» som ein av dei særskilt viktige regionale føringane som de skal følgje opp. Denne set retning for verdiskapinga i Vestland. Visjonen for planen er at vi skal vere nyskapande innanfor Berekraftige rammar, og har fire hovudsatsingsområde:

- Grøn næringsutvikling - Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030
- Innovative og inkluderande samfunn - Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket
- Areal til næringsutvikling - Rett areal til rett føremål til rett tid
- Kompetanseutvikling i arbeidslivet - Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse

Vi viser i tillegg temaplan for reiseliv i Vestland, temaplan for landbruk i Vestland, temaplan for breiband og digitalisering. Desse følgjer opp den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling. Vi ber om at de legg desse til grunn i det vidare arbeidet.

Areal til næringsutvikling er vesentleg for verdiskapinga. Status og kapasitet på næringsareala er eit tema vi oppmodar til å ha med dykk vidare.

Landbruksnæringa arealavhengig, og det er positivt at det går så tydeleg fram av planprogrammet at Fitjar har fokus på jordbruksareal og jordvern. Vi vonar de held fast på dette i det vidare arbeidet med planen.

Når det gjeld medverknad saknar vi eit eksplisitt fokus på involvering av næringslivet/næringsaktørar. Føringane i kommuneplanen er av stor betydning for næringslivet, og innspel til denne er difor eit viktig samarbeidsområde mellom kommune og næringsliv. Gjennom medverknadsprosessen kan kommunen skaffe seg nyttig innsikt i næringslivets behov og fremme samarbeid og gjensidig forståing. Vi ber om at næringslivet/næringsaktørar vert løfta tydeleg fram i planen for medverknad. Og her kan ein gjerne tenke nytt om arenaer, til dømes oppsøkjande (vitje

bedrifter eller liknande). Alle kommunar kan utgjere ein viktig forskjell for det lokale næringslivet, og Distriktssenteret oppmodar distriktskommunar som vil lukkast med næringsutvikling om å prioritere entreprenørrollen; vere utadretta, initiativrik og følgje opp næringslivet (kjelde: «*Distriktskommuner som lykkes godt med næringsutvikling*», Distriktssenteret 2020).

Næringsutvikling og økonomisk verdiskaping bør sjåast i eit heilskapleg samfunnsutviklingsperspektiv (stadutvikling, attraktivitet, møteplassar, tilflytting m.m. er utviklingstema som heng tett saman). Det er difor ein styrkje at de i framlegget òg løftar fram sentrumsutvikling og attraktivitet. Som det går tydeleg fram: «*Vi skal styrke og vidareutvikle tettstaden Fitjar sentrum som eit attraktivt og levande sentrum*». Som eit innspel til problemstilling i det vidare arbeid kring dette: ser de moglegheiter for å leggje til rette for å skapa miljø/kontorfelleskap (ref. auka bruk av fjernarbeid og moglegheitene dette kan gje for distriktskommunane) som ein del av stadutviklinga/sentrumsutviklinga?

Det er positivt at havbruk er tematisert. Dette er òg ein viktig frå regionalt hald. Som eit generelt innspel kan det vere nyttig å vurdere ein viss grad av fleksibilitet til desse areala, då utviklinga/føresetnader i næringa kan endre seg raskt.

Det er positivt at kommunen har som målsetting å bidra til å fremje berekraftig energiproduksjon. Dette er viktig skal vi lukkast med den grøne omstillinga av næringslivet.

Reiseliv

Planprogrammet viser til at det er ønskeleg å leggja til rette for reiselivstiltak (turisme), særleg mindre utleiehytter knytt til LNF-område.

Vi rår til at kommunar som skal utvikle nye areal for reiselivsaktivitet tar utgangspunkt i tilgjengeleg frå Innovasjon Norge om reisemålsutvikling for å sikre at ein allereie tidleg i prosessen sikrar at det blir lagt til rette for nødvendig infrastruktur som parkering, handtering av søppel, behov for skilting og informasjon, tilkomst for gåande, syklende og køyrande. I tillegg viser vi til behovet for å sikre at lokale interesser blir tatt i vare når ein legg opp til reiselivsaktivitet i nye område. Fitjar kommune bidreg til Visit Sunnhordland og regionen sitt arbeid med resertifisering av Merket for berekraftig destinasjon er ei rettesnor i arbeidet med reiselivsutvikling.

Vassforvaltning

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta. Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Vassforvaltningsplanen er teke inn i planprogrammet og fylkeskommunen tolkar det som at den vert lagt til grunn slik lova krev, jf. vassforskrifta § 29 og plan- og bygningslova § 8-2.

I vassforvaltningsplanen kap. 1.1.3 går det fram generelle retningslinjer for arealplanlegging etter PBL og vassforskrifta som det er venta vert innarbeida i kommunal arealplanlegging. I samband med nye «*Nasjonale forventningar til regional og lokal planlegging 2023-2027*» har Miljødirektoratet presisert kva som er forventa når det gjeld vassforvaltning i kap. 5.4, 6.1 og 6.4.

Oversikt over alle miljømål og tiltak for å nå miljømåla for den enkelte vassførekomst ligg i databasen vann-nett.

Arealdelen skal byggje på samfunnsdelen og det går fram i kapittel «*Den grøne kommunen*» s. 45 at alle vassførekomststar i Fitjar kommune skal ha god tilstand eller betre innan 2027 og seinast 2033. Ein god måte å forankre arbeidet i arealdelen på er ved å definere anten generelle føresegner og retningslinjer og/eller omsynssoner med tilhøyrande føresegner og retningslinjer i område der bygging eller anna ny aktivitet kan påverke tilstanden i elv, innsjø, kystvatn eller grunnvatn.

Dersom utbygging er tenkt i nedbørsfelt til vassførekomstane som ikkje har nådd miljømåla bør arealplanen leggje til rette for at tiltak som krev byggeløyve bidreg til at tilstanden på elva, innsjøen eller kystvatnet vert betra og miljømåla nådd. Å realisere kommunedelplan for avløp 2020-2030 vil vere eit viktig verktøy her.

Om det ved utbygging ikkje er praktisk eller økonomisk mogleg å betra tilstanden på vassførekomstane som står i risiko er minstekravet at tilstanden ikkje vert dårlegare (jf. vassforskrifta § 4) med mindre det er grunnlag for unnatak (jr. §12 – «ny aktivitet eller nye inngrep»).

I konsekvensutgreiinga må konsekvensar for vassmiljøet vurderast nærmare jf. § 21 forskrift om konsekvensutgreiing.

Til orientering så har Miljødirektoratet starta eit arbeid med ein ny rettleiar om vassmiljø i arealplanlegging. Fylkeskommunen vil rå til at rettleiaren vert teke inn i arbeidet med arealplanen.

Aktuelle lenker:

Vassforskrifta: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-12-15-1446>

Vann-nett: <https://vann-nett.no/portal/>

[Vann i nye Nasjonale forvetninger til regional og lokal planlegging 2023-2027 \(vannportalen.no\)](https://vannportalen.no)

Godkjent vassforvaltningsplan:

<https://www.vannportalen.no/vannregioner/vestland/aktuelt/godkjent-vassforvaltningsplan/>

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har merknader til planprogrammet når det gjeld det planfaglege, arkitektur og estetikk, folkehelse og universell utforming, barn og unges interesser, strandsona, reiseliv, naturmangfald, klima og energi, areal og transport, samferdsel, kulturminne og kulturmiljø, næringsutvikling og vassforvaltning. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Vi deltek gjerne i vidare arbeid med planen. Lykke til vidare med planarbeidet!

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule

fagansvarleg

NPI – Plan, klima og analyse

Lasse Klæboe Kristensen

rådgjevar

NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar

Heidi Handeland avdeling for kultur og folkehelse

Rune Andre Nautvik avdeling for kultur og folkehelse

Ørjan Netteland Dybvik avdeling for infrastruktur og veg

Kari Bjørndal avdeling for næring, plan og innovasjon

Grete Kathrine Jacobsen avdeling for næring, plan og innovasjon

Marta Rongved avdeling for næring, plan og innovasjon

Iselin Helløy avdeling for næring, plan og innovasjon

Gunhild Raddum avdeling for mobilitet og kollektiv

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER